



# Årsrapport 2020

---

Norsk pasientskadeerstatning

---

## Innhald

<b>I. Rapporten frå leiaren .....</b>	<b>3</b>
<b>II. Introduksjon til verksemda .....</b>	<b>6</b>
Oppgåver .....	6
Visjon og verdiar .....	6
Organisasjon .....	7
Strategiske mål 2019-2023 .....	7
<b>III. Årets aktivitetar og resultat.....</b>	<b>9</b>
Nøkkeltal.....	12
Produktivitet.....	13
Organisasjonen og menneska.....	14
<b>IV. Styring og kontroll i verksemda .....</b>	<b>15</b>
<b>V. Vurdering av framtidsutsikter.....</b>	<b>17</b>
<b>VI-A. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning .....</b>	<b>18</b>
<b>VI-B. Årsrekneskap fond for pasientskadeordninga – offentleg helseteneste.....</b>	<b>32</b>
<b>VI-C. Årsrekneskap fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste.....</b>	<b>39</b>
<b>Året som har gått .....</b>	<b>48</b>
Klar, ferdig, Smart!.....	48
Strategi i praksis.....	50
NPE flyttar til Majorstua .....	52
Koronavaksinen - samarbeid med Danmark og Sverige.....	54
Har krav på erstatning etter koronadødsfall på sjukeheim.....	55
Jobben min .....	57
Møt ein sakkunnig lege.....	60
Nedstengd, men open .....	62

# I. Rapporten frå leiaren

**I 2020 utbetalte vi 1,1 mrd. kroner i erstatning til pasientar og pårørande. Dette er den største summen NPE har utbetalte i løpet av eitt år, og er ein auke på nesten åtte prosent frå 2019. Saksbehandlingstidene heldt fram å gå monaleg ned i 2020, og i eit år prega av pandemien heldt vi oppe eit godt aktivitetsnivå i talet behandla saker.**

Det er viktig for oss å gjere ventetida på svar på erstatningssøknaden så kort som mogleg. Difor er den strategiske hovudmålsetjinga vår fram mot 2024 å redusere saksbehandlingstida ved å forenkle måten vi jobbar på. Tida fram til erstatning blei utbetalte gjekk til dømes ned med 71 dagar eller 11 prosent i fjor. Saksbehandlingstida gjekk ned, i tråd med krava departementet har sett til oss i tildelingsbrevet.



Rolf Gunnar Jørstad

## Redusert saksbehandlingstid

Reduserte saksbehandlingstider er resultatet av eit omfattande arbeid gjennom mange år. Det er tilfredsstillande å sjå at det arbeidet vi gjer på området gir resultat. I 2020 hadde vi særskilt søkjelys på å forenkle prosessane våre, mellom anna gjennom å bruke det handlingsrommet forvaltingslova gir og ved å teste ut ny arbeidsmetodikk i større delar av saksbehandlingsmiljøet.

Vi har òg vore opptekne av systematisk kompetanseheving og å styrke avgjerdsgungleiken i saksbehandlingsmiljøet vårt.

2020 blei på mange måtar eit krevjande og annleis år. På grunn av smitteverntiltak har medarbeidarane våre jobba heimefrå det meste av året. Gode digitale løysingar og endringsvillige og engasjerte medarbeidrarar har bidrege til at vi greide å halde eit godt aktivitetsnivå, slik at erstatningssøkjarane ikkje blei ramma av nokon nemneverdig brems i behandlinga av sakene.

## Eit stort digitalt løft

I 2020 starta vi òg eit arbeid med å oppgradere og vidareutvikle dei digitale løysingane våre. Målet er at vi skal ha mest mogleg oppdaterte arbeidsverktøy og samstundes få eit godt grunnlag for å automatisere prosessane våre slik at vi reduserer saksbehandlingstida. Dette er eit stort digitalt løft vi gjer i samarbeid med Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage).

NPE ynsker å setje erstatningssøkjarane fyrst når vi utviklar og førebur løysingane våre. Mi side har i løpet av kort tid blitt den viktigaste kommunikasjonskanalen mellom dei som søker erstatning og oss som behandler søknadene. Mot slutten av 2020 opna vi denne tenesta for advokatar og andre fullmektigar, noko som gjer at òg erstatningssøkjarar som brukar fullmektig kan bruke tenesta.

## Ny og viktig forskrift

I 2020 kom vi i mål med eit omfattande og krevjande arbeid med å lage ei ny forskrift om meinerstatning ved pasientskadar. Arbeidet er gjennomført på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet. Vi meiner det er viktig å få på plass ei eiga forskrift tilrettelagd spesielt for utrekning av meinerstatning i pasientskadesaker. Forskrifta skal etter planen tre i kraft i løpet av fyrste kvartal i 2021.

## Andre oppgåver

I november 2020 overførte vi medarbeidrarar frå dokumentasjonsmiljøet vårt til Norsk Helsenett som ein del av konsernmodellen som er innført for verksemndene som er underlagde Helse- og omsorgsdepartementet. Overføringa av oppgåvene har skjedd gjennom ein tett og god dialog med Norsk Helsenett, og vi er trygge på at oppgåvene vil bli løyste på ein god måte for NPE òg framover.

Dyktige og ambisiøse medarbeidrarar som kan og vil er dei viktigaste ressursane for NPE. NPE legg vekt på å rekruttere og ta vare på flinke medarbeidrarar med rett kompetanse. Vi legg monalege ressursar i kompetansebygging for å gjere tilsette i stand til å ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetodar.

Informasjonstryggleik og personvern har alltid stått høgt på dagsorden i NPE. I 2020 vidareutvikla vi rutinane våre i eit styringssystem for informasjonstryggleik og personvern. Vi har jobba spesielt med risiko- og sårbarheitsanalysar, vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) og tryggleikstesting. Dette arbeidet har høg prioritet hjå oss.

Økonomistyringa vår blei naturlegvis prega av pandemien. Vi måtte utsetje og avlyse ei rekke planlagde aktivitetar. Det drog ned budsjettbehovet vårt gjennom året og resulterte i eit mindre-forbruk for året sett under eitt. Eg er nøgd med budsjettstyringa og dette resultatet i ei tid der vi måtte planleggje under stor uvisse.

## Informasjon om korona

På grunn av koronasituasjonen har vi lagt til grunn at mange vil ha spørsmål om kva rettar dei har knytte til smitte av korona i helsetenesta og eventuelle vaksineskadar. Vi har difor lagt vekt på å klargjere relevant informasjon om desse spørsmåla overfor samfunnet. Dette inkluderer informasjon på nettsidene våre og mellom anna eit brev til organisasjonen til kommunesektoren KS om rettane ved smitte på kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar.

Vi har etablert kontakt med den danske Patienterstatningen og den svenska Läkemedelsförsäkringen om erstatningsrettslege spørsmål knytte til koronavaksinar. I tillegg har vi etablert dialog med Folkehelseinstituttet om informasjon om erstatning etter koronasmitte og vaksineskadar.

Vi meiner vi dermed er godt førebudde på å handtere dei erstatningsrettslege spørsmåla som pandemien kan reise. Allereie mot slutten av 2020 tok vi imot dei fyrste krava om erstatning for smitte påført i helseinstitusjonar.

---

Samla sett meiner eg NPE har løyst samfunnsoppdraget på ein god måte i 2020. Eg er nøgd med det vi har fått til i eit vanskeleg år. Arbeidet med å forenkle måten vi jobbar på, effektivisere prosessane våre og jobbe vidare med gode digitale løysingar vil òg stå sentralt i 2021.



*Rolf Gunnar Jørstad,  
direktør*

## II. Introduksjon til verksemda

NPE er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

### Oppgåver

NPE har tre forskriftsfesta oppgåver.

Vi skal:

1. avgjere om erstatningssøkjrar har krav på erstatning og fastsetje storleiken på erstatninga
2. bidra med statistiske data til kvalitetsforbetring og skadeførebyggjande arbeid i helsetenesta
3. informere om pasientskadeordninga til pasientar, helsetenesta og publikum

### Visjon og verdiar


NPE legg stor vekt på kvalitet og fagleg ekspertise. Vi ynskjer å tydeleggjere at vi i alle ledd av saksbehandlinga set pasienten i fokus.

I arbeidet vårt vektlegg vi desse verdiane:


**Omtenkksam** - Vi skal møte erstatningssøkjaren med openheit, forståing og respekt. Kontakten vår skal vere personleg og vi skal gi individuell hjelp og oppfølging. Vi skal vise tiltru til erstatningssøkjaren, slik at han eller ho opplever tryggleik og tillit.

**Opplysande** - Vi skal drive aktivt opplysningsarbeid om pasientskadeordninga. Verksemda vår skal vere synleg, lett tilgjengeleg og godt kjend. Vi skal ha god og konstruktiv kommunikasjon med erstatningssøkjrarar, helsetenesta og andre aktørar.

**Kvalitetsmedviten** - Alle nivå i organisasjonen skal vere prega av openheit, kompetanse og effektivitet. Dette skal gi erstatningssøkjurarane eit rett og raskt resultat.



## Organisasjon



## Strategiske mål 2019-2023

Strategisk hovudmål:

**Vi skal redusere saksbehandlingstida ved å forenkle måten vi jobbar på.**

### Vi brukar tida effektivt

Dette gjer vi gjennom å:

- prioritere arbeidsoppgåver og utviklingstiltak som gir verdi
- effektivisere kvart ledd i saksbehandlinga av pasientskadar
- effektivisere arbeidet i alle einingar
- gi brukarane ansvar for å bidra meir i søkeradsprosessen
- skape ein open samarbeidskultur

### Vi brukar kompetansen vår innovativt og løysingsorientert

Dette gjer vi gjennom å:

- utvikle kompetansen og dele kunnskap på ein systematisk måte
- skape ein kultur for å gi og ta imot tilbakemeldingar

- 
- ta leiarrolla, vere modige i endringsarbeid og leiing
  - aktivt få fram innovative tiltak
  - byggje kompetansen vi treng i framtida

### **Vi har effektive og målretta avgjerdsprosessar**


Dette får vi gjennom å:

- styrke avgjerdsgleiken hjå saksbehandlarane
- delegere oppgåver og avgjerder
- kommunisere avgjerder klart og tydeleg
- Vi brukar gode digitale verktøy

### **Vi brukar gode digitale verktøy**

Dette gjer vi gjennom å:

- forenkle dagens løysingar
- byggje digital kompetanse
- ta i bruk nye digitale verktøy



### **III. Årets aktivitetar og resultat**

Frå tildelingsbrevet for 2020 frå Helse- og omsorgsdepartementet:

#### **Hovudmål**

- Rask og god saksavvikling skal ha høgaste prioritet i arbeidet til Norsk pasientskadeerstatning.
- Balansen mellom å vere grundig og tidsbruken skal vurderast kontinuerleg.

#### **Styringsparameter**

- 70 % av sakene der erstatningssøkjaren er tilkjend erstatning (medhaldssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 24 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 22 månader.

Resultat: Vi oppfylte både desse målsetjingane: 72,5 % av desse sakene blei avslutta innan 24 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 592 dagar = 19,7 månader.

- 85 % av sakene der erstatningssøkjaren ikkje blir tilkjend erstatning (avslagssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 12 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige åtte månader.

Resultat: Vi oppfylte både desse målsetjingane: 85,9 % av desse sakene blei avslutta innan 12 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 225 dagar = 7,5 månader.

- NPE skal i 2020 ikkje ha saker som har vore under ansvarsurdering lengre enn to år. Vidare skal under fem prosent av dei løpende utrekningssakene ha vore under utrekning over to år.

Resultat: Ved avslutning av året hadde vi fire saker som hadde vore under ansvarsurdering lengre enn to år. Vi kom altså ikke heilt i mål med denne målsetjinga. Sakene var likevel nøyde vurderte med omsyn til om vi – utan å gå på akkord med tilstrekkeleg kvalitet – kunne avslutte dei innan nyttår. Konklusjonen var nei. Utviklinga for å nå målet på dette området er positiv: ved årsskiftet 2019/2020 hadde vi dobbelt så mange saker som hadde vore under ansvarsurdering over to år.

Når det gjeld saker som har vore under utrekning over to år, hadde vi ved årsskiftet 47 slike saker. Det utgjer 4,5 % av alle løpende utrekningar og er eit resultat innanfor målsetjinga.

#### **Andre prioriteringar**

- NPE skal halde fram arbeidet med å utnytte det erfaringsmaterialet i kvalitetsutvikling og skadeførebyggjande arbeid etaten har.

---

### Resultat:

Vi har hatt kontaktar med regionale helseføretak og forskningsmiljø om bruk av erfaringsmaterialet NPE sit på. Det er publisert artiklar i fagtidsskrifter basert på gjennomgang av NPE-materiale. Det blei òg teke ny kontakt frå avdeling for kvalitetsforbetring og pasienttryggleik hjå Helsedirektoratet om samarbeid om bruk av materialet, og denne kontakten vil halde fram utover i 2021.

- NPE skal arbeide for å utvikle rutinar og arbeidsformer for å nå måla i inkluderingsdugnaden til regjeringa.

### Resultat:

Gjennom 2020 heldt NPE fram arbeidet for å innfri målet om at minimum fem prosent av nyttilsetjingar i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Diverre viser tala at vi ikkje lukkast med å oppnå dette målet.

Vi tilsette i alt 25 nye medarbeidarar i faste eller mellombelse stillingar i 2020, fordelte på ti stillingsutlysingar. Det blei ikkje tilsett nokon personar som vi finn er i målgruppa for inkluderingsdugnaden.

Vi har jobba med å vareta inkluderingsperspektivet i rekrutteringsprosessane våre. Vi har i alle utlysingane oppmoda personar i målgruppa for inkluderingsdugnaden om å sökje.

Vi har gjennomgått rutinane våre for korleis vi vurderer söknader og CV-ar. Dette arbeidet blei enklare etter at det blei mogleg for søkerane å oppgi «hol i CV» (i tillegg til nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn) i rekrutteringsverktøyet vårt (Webcruiter). Trass i dette ser vi at det ofte er uklart om søkeren oppfyller kriteria eller ikkje (t.d. at dei oppgir å ha vore utanfor arbeidslivet, medan det viser seg at dei har vore i omsorgspermisjon eller gjennomført studiar). I statistikkgrunnlaget har vi likevel lagt til grunn opplysingane som søkeren har oppgitt.

Trass i avklaring rundt kvalifikasjonsprinsippet for søkerar med hol i CV frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, ser vi at av 19 kandidatar som hadde oppgitt hol i CV eller nedsett funksjonsevne, blei berre to av desse inviterte til intervju. Ingen av desse blei tilsett. Med andre ord har vi ikkje lukkast med å nå fram til dei gode kandidatane som finst «der ute».

På bakgrunn av dette utarbeidde vi hausten 2020 ein handlingsplan for ytterlegare tiltak på dette området. Vi har mellom anna innleia samarbeid med NAV for å auke sjansen for at kandidatar i målgruppa søker utlyste stillingar i ordinære rekrutteringsløp. Jobbspesialistane i NAV hjelper oss med å finne kvalifiserte kandidatar og tipse om stillingane våre. Vi utlyste mot slutten av året ei stilling innan trainee-programmet til staten for personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV.

- NPE skal følgje opp den styrkte aktivitets- og utgreiingsplikta som følger av dei nye reglane i likestillings- og diskrimineringslova som tredde i kraft 1. januar 2020.

Resultat:

Tal per 31.12.2020	Kvinner (prosent)	Menn (prosent)
Fordeling i den totale arbeidsstokken	74	26
Kjønnsfordeling mellom leiarane	69	31
Fordeling av løn utbetalt i 2020	72	28

Del mellombels tilsette: to av 163 tilsette (dvs. 1,2 %), éin mann og éi kvinne.

Del i foreldrepermisjon: fem av 163 tilsette (dvs. 3,1 %), alle kvinner.

Erfaringsmessig er det stor overvekt av kvinner som søker stilling i NPE, ikkje minst innanfor hovudkategorien av tilsette (saksbehandlarar av pasientskadesaker). Då vi utlyste slike stillingar hausten 2020 var ca. 75 % av søkerane kvinner. Dette trass i at vi oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å sökje, uavhengig av kjønn. Vi legg sjølvsgått kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar i det offentlege til grunn ved vurderinga av kandidatane.

Vi har p.t. berre sju medarbeidarar som er tilsette i deltidsstilling, der tre er menn. Alle er etter eige ynske tilsette i deltidsstilling. Blir det ledige stillingar i stillingskategoriar der vi har tilsette på deltid, tilbyr vi desse auke til full stilling før stillinga blir utlyst.

Vi opnar for at pensjonerte tilsette kan jobbe på pensjonistvilkår der det er føremålstenleg.

I den løpende dialogen mellom dei lokale partane, har det ikkje kome fram synspunkt frå dei tillitsvalde om at dei opplever at medlemane har vurdert seg skilnadsbehandla med bakgrunn i kjønn, alder, funksjonsnedsetjing mm.

Lønskartlegging skal føregå anna kvart år i etter til aktivitets- og utgreiingsplikta. NPE har ikkje gjort slik kartlegging i 2020, men tek sikte på å gjennomføre denne seinare.

- NPE skal etter pkt. 2.4 i Bestemmelser om økonomistyring i staten etablere dokumentert internkontroll tilpassa risiko og vesentlegheit.

Resultat: Sjå punkt IV Styring og kontroll.

## Nøkkeltal

<b>NPE totalt</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Mottekne erstatningskrav	5696	5695
Medhald	1449	1441
Avslag	3666	3425
Medhaldsdel	29 %	30 %
Erstatningsutbetalingar (millionar kroner)	1074	1149

<b>Offentleg helseteneste</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Mottekne erstatningskrav	4807	4823
Medhald	1127	1168
Avslag	3230	2993
Medhaldsdel	26 %	28 %
Erstatningsutbetalingar (millionar kroner)	1005	1065

<b>Privat helseteneste</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Mottekne erstatningskrav	799	789
Medhald	321	272
Avslag	373	390
Medhaldsdel	47 %	41 %
Erstatningsutbetalingar (millionar kroner)	67	66

<b>Legemiddelsaker</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Mottekne erstatningskrav	90	83
Medhald	1	1
Avslag	63	42
Medhaldsdel	2 %	2 %
Erstatningsutbetalingar (millionar kroner)	2	0

<b>Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (tal dagar, alle sakstypar)</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Frå erstatningskravet er teke imot til ansvarsvedtak er fatta	261	235
Frå erstatningskrav er teke imot til avslag er fatta	246	225
Frå medhaldsvedtak er fatta, dvs. positivt vedtak, til utrekningsvedtak	334	285
Frå mottak til utrekningsvedtak	663	592
70 prosent av sakene der erstatningssøkjaren er tilkjend erstatning (medhaldssaker) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 24 månader	65 %	73 %
85 prosent av sakene der erstatningssøkjaren ikkje er tilkjend erstatning (avslagssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 12 månader	81 %	86 %
Ikkje ha saker under ansvarsvurdering lengre enn to år.		4
Under fem pst. av løpende utrekningssaker under utrekning over to år		4,50 %

## Produktivitet

	2019	2020
Produserte saker <sup>1)</sup>	8491	8064
Årsverk <sup>2)</sup>	142,8	146,3
<b>Produktivitet</b>	<b>59,0</b>	<b>55,1</b>

1) Tilsvarar summen av medhald, avslag, saker der det blir rekna ut erstatning, avviste og bortlagde saker.

2) Tilsvarar faktiske årsverk i NPE i perioden 01.01.2020 til 31.12.2020. Årsverk som er knytte til NPE si forvalting og utvikling av IT-system i Helseklage er trekte ut.

Vi reknar produktiviteten som talet produserte pasientskadesaker per årsverk.

Produktiviteten vår gjekk ned i 2020 samanlikna med 2019. Det skuldast hovudsakleg ein generelt lågare produktivitet gjennom situasjonen med heimekontor under pandemien, kombinert med at vi tok imot 14 nye saksbehandlarar som trong tid før dei var fullt operative. Endringa i produktivitet, slik vi reknar ho, er påverka av eit auka tal årsverk og lågare tal produserte saker enn i 2019.

## Organisasjonen og menneska

### Tal tilsette og årsverk:

Talet på tilsette ved utgangen av 2020: 163

Utførte årsverk i 2020: 150,1

(inkludert 3,85 årsverk til IT-tjenester som vi utfører for Helseklage)

### Utskifting

Delen tilsette som sa opp stillinga sin i NPE i 2020 er 4,9 %


Tilsvarande tal for åra før:

- 2019: 8,1 %
- 2018: 6,6 %.
- 2017: 8 %

### Sjukefråvær

Totalt er fråværet i 2020 på 4,2 %, ein nedgang på 0,7 prosentpoeng samanlikna 2019.

Sjukefråværsutviklinga i NPE




## IV. Styring og kontroll i verksemda

### Instruks for verksemda

NPE har tre instruksar: «Instruks for Norsk pasientskadeerstatning», «Instruks for fond for pasientskadeordningen– offentlig helsetjeneste» og «Instruks for fond for pasientskadeordningen – privat helsetjeneste». Helse- og omsorgsdepartementet oppdaterte instruksane i 2019.

### Løns- og rekneskapstenester

NPE brukar Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) som leverandør av løns- og rekneskapstenester etter ein fullservicemodell. Vi brukar løysingane til DFØ for løn, rekneskap og fakturahandtering. Vi har avtale med Statens innkrevingssentral om oppfølging av tilskotspliktige verksemder i privat helseteneste.



### Internkontroll og risikostyring

NPE har etablert eit system for internkontroll. Systemet omfattar rutinar og avvikshandtering på viktige område i verksemda. Som ein del av dette har vi rutinar for risikovurdering og -oppfølging. Vi følgjer spesielt opp dei viktigaste måla i strategien og verksemdsplanen vår i tillegg til økonomiforvaltinga.

Vi rapporterer på prioriteringar, resultatmål, nøkkeltal og budsjett til Helse- og omsorgsdepartementet etter fastlagde rutinar. Direktøren delegerer budsjettmiddel internt i verksemda gjennom disponeringsskriv til budsjettansvarlege leiarar. Vi utarbeider oversikt over attestasjons- og budsjettdisponeringsmynde og har valt å stille krav om dobbelt godkjenning for alle transaksjonar.

I 2020 har vi jobba spesielt med å videreutvikle og dokumentere rutinar på økonomiområdet.

### Informasjonstryggleik og personvern

NPE handterer ei stor mengd sensitive personopplysingar. Vi er opptekne av å handtere opplysingane på ein trygg og forsvarleg måte. Informasjonstryggleik og personvern har høg prioritet hjå oss.

Vi har rutinar for oppfølging av krav i personvernlovgivinga/General Data Protection Regulation (GDPR), og ein eigen funksjon som personvernombod.



I 2020 har vi jobba med å videreutvikle rutinane våre for informasjonstryggleik og personvern. Vi har hatt ekstern bistand i arbeidet med å utforme eit styringssystem med internkontrollrutinar på området.

---

Samstundes har vi vidareutvikla rutinane våre for tryggleikstesting i samarbeid med Norsk Helsenett SF. Vi har òg styrkt eigenkompetansen vår, mellom anna på gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalysar.

### Helse, miljø og tryggleik (HMS)


NPE har eit internkontrollssystem for å følgje opp HMS-lovgivinga. Vi har arbeidsmiljøutval, verneombod og er knytte til bedriftshelseteneste. Vi har rutinar for å ta vare på tryggleiken for dei tilsette i dialogen med brukarane våre.

I 2020 har aktivitetane på dette området i stor grad vore retta mot å vareta eit godt arbeidsmiljø i ein situasjon med heimekontor på grunn av koronapandemien.

### Miljøleiing

NPE er ei kontorverksemد som ikkje påverkar det ytre miljøet i særlig grad. Vi ynskjer å vere ei miljømedviten verksemd, og følgjer opp arbeidet med miljøleiing gjennom årlege gjennomgangar av status og prioriteringar i leiinga.

I 2020 har vi sete på heimekontor store delar av året utan reiseaktivitet mm. Vi har difor ikkje sett i verk spesielle tiltak på dette området, utover å førebu nye lokale for verksemda frå 2022. Arbeidet med nye lokale har høgt miljøfokus.



## V. Vurdering av framtidsutsikter

**Vi vurderer at vi har ei god evne til å nå dei måla som er fastsette og levere forventa resultat på lengre sikt. Samstundes vil nokre område kunne påverke resultata:**

### Sakstilgang

Om talet på saker som vi tek imot aukar mykje, vil det kunne ha noko å seie for den samla saksbehandlingstida.

### NPE som ein attraktiv arbeidsplass

Om vi ikkje klarar å vere ein attraktiv arbeidsplass, der vi tek vare på og utviklar kompetanse, kan vi få utmaningar med å halde på medarbeidarar og møte arbeidstakrarar for framtida.

### Budsjett

Om budsjettsituasjonen blir mindre føreseieleg enn han har vore, vil det kunne få noko å seie for drifta og utviklinga av organisasjonen og tenestene til brukarane våre.

### Tilstrekkeleg tilgang på sakkunnige

For å halde produksjonen oppe, er det viktig å ha god tilgang på sakkunnige innanfor alle medisinske spesialitetar. Blir tilgangen på relevante sakkunnige därlegare, vil dette ha noko å seie for produksjonen vår.

### Evna vår til å utvikle organisasjonen vidare

Vi opplever klare forventingar til effektivisering og utvikling av tenestene våre, mellom anna gjennom digitalisering. Om vi ikkje klarar å utvikle organisasjonen og tenestene, vil det påverke resultata og omdømet vårt.

Vi kan ikkje sjå andre større område som vil kunne hindre eller avgrense evna vi har til å løyse samfunnsoppdraget vårt på ein tilfredsstillande måte.

Når det gjeld korleis vi vil møte utmaningane framover, viser vi elles til informasjon om strategien for 2019 – 2023.

# VI-A. Årsrekneskap Norsk pasientskadeerstatning

## 1. Kommentarar frå leiinga

### Føremål

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for Norsk pasientskadeerstatning – oppdatert per 15.05.2019.

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. NPE behandler erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for drifta i verksemda blir ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta er samansett av tre utgiftspostar og to inntektspostar, som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE får tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjettrammene for drifta.

NPE forvaltar desse to fonda:

**Fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste** - skal finansiere utbetalingar av erstatningar til pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftsutgifter i Norsk pasientskadeerstatning, driftsutgifter i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage), eller utgifter pasientar har til advokatar. Driftsutgifter og utgifter til bruken pasienter har til advokatar blir ført høvesvis på post 01 og post 70.

Fondet er sett saman av tilskot frå regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Kvart år blir det innbetalt tilskot til fondet basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering året etter.

**Fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste** - skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, som nødvendige utgifter til IKT-system, register over private aktørar, og i tillegg andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste.

Dekning av driftskostnadene i fondet omfattar saksbehandling både i NPE og Helseklage. Driftskostnadene for NPE blir inntektsførte i NPE på post 50.

Inntektene til fondet er samansett av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avgjort i høve til Reglementet for og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. punkt 3.4. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilde av dei disponible løyvingane til NPE, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

## Vurdering av vesentlege forhold

Koronapandemien prega verksemda vår gjennom 2020. Vi var på heimekontor store delar av året og måtte skalere ned og utsetje ei rekke planlagde aktivitetar. Dette bidrog til at vi gjekk ut av året med eit mindreforbruk.

NPE tok imot 5695 nye saker i 2020. Det er om lag like mange saker som i 2019.

I 2020 utbetalte vi 1,1 mrd. kroner i erstatning til pasientar og pårørande. Det er ein auke på nesten åtte prosent frå 2019. Saksbehandlingstidene heldt fram å gå monaleg ned i 2020.

## Samla tildeling

NPE har i 2020 ei samla tildeling på 225,2 mill. kroner til ordinær drift. Samanlikna med 2019, er det ein auke på 17,4 mill. kroner. Samla tildeling er samansett av årets tildeling (jf. tildelingsbrev), kompensasjon for lønsoppgjeren på 0,6 mill. kroner, overføring frå 2019 på 8,9 mill. kroner og ein reduksjon på 2,5 mill. kroner i omgrupperinga hausten 2020.

## Driftsutgifter post 01

Rekneskapen for 2020 viser eit meirforbruk på 6,9 mill. kroner. Meirforbruket er dekt av meirinntekter på 12,6 mill. kroner. På grunn av endra utrekningsmetode og avrekning av faktiske kostnader for 2019 blei det i 2020 tilbakeført 4,2 mill. kroner til fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste, og meirinntekter i NPE blei då tilsvarende reduserte. Netto mindreforbruk på 5,6 mill. kroner vil vi søkje om å overføre til 2021. Netto mindreforbruk skuldast i hovudsak nedskalerte og utsette aktivitetar som følgje av pandemisituasjonen.

SAMLA TILDELING				
<b>Utgiftskapittel</b>	<b>741.01</b>	<b>741.70</b>	<b>741.71</b>	<b>Sum utgifter</b>
Overført frå i fjor	8 933 000	-	-	8 933 000
Årets tildeling	218 255 000	47 285 000	20 634 000	286 174 000
RNB/omgruppering	-2 500 000	-10 000 000	-	-12 500 000
Lønsoppgjær	550 000	-	-	550 000
<b>Samla tildeling kap. 741</b>	<b>225 238 000</b>	<b>37 285 000</b>	<b>20 634 000</b>	<b>283 157 000</b>
Rekneskap	232 374 336	38 479 159	17 330 609	288 184 104
<b>Avvik tildeling og rekneskap</b>	<b>-7 136 336</b>	<b>-1 194 159</b>	<b>3 303 391</b>	<b>-5 027 104</b>

Samanlikna med oppsettet i tabellen over blir **Utgiftskapittel Avvik tildeling og rekneskap** redusert med 195 329 kroner frå -7,1 mill. kroner til -6,9 mill. kroner når vi inkluderer fullmakt til å overskride løyvinga. Fullmakta blei gitt på grunn av at NPE sin lønsleverandør Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) utbetalte overtid, reisetid og timeløn for november i desember 2020 i staden for i januar 2021.

Oppgjersordninga for betalinga frå Helseklage av IT-tenester bidreg til meirutgifter, jf. tilsvarende meirinntekter under kap. 3741, post 02.


#### Nærare om enkelte store utgiftspostar på post 01

Totale utgifter til løn var i 2020 129,4 mill. kroner, inkludert 11,7 mill. kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK) og arbeidsgivaravgift på 15,8 mill. kroner.

Utgiftene til medisinsk sakkunnige var i 2020 41,1 mill. kroner, inkludert 2,9 mill. kroner til honorar utbetalt som løn. NPE nyttar i størst mogleg grad medisinsk sakkunnige som er tilknytte gjennom avtalar, fordi dette er meir kostnadseffektivt enn enkeltståande sakkunnigoppdrag.

NPE brukte 24,1 mill. kroner på varer og tenester hjå Norsk Helsenett (NHN) i 2020, jf. konsernmodellen for administrative tenester for etatar under Helse- og omsorgsdepartementet.

Det er ein auke med 5,4 mill. kroner frå året før. Auken reflekterer pris- og aktivitetsnivået i 2020, i tillegg til betaling for nye tenester då NHN tok over resten av oppgåvene til NPE innan arkiv/dokumentforvalting 1. november 2020.



\*IT inkluderer ikkje betaling for IT-tenester til NHN, men betaling frå Helseklage for IT-tenester frå NPE er inkludert. Tenester frå NHN er samansett av IT-drift og brukarstøtte, arkiv og innkjøp i konsernmodellen for administrative tenester.

## **Post 70 Advokatutgifter**

Posten dekkjer utgifter pasientar har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11. Totale utgifter i 2020 blei 38,5 mill. kroner. Etter omgrupperinga på 10,0 mill. kroner, gir det ei meirutgift på 1,2 mill. kroner.

## **Post 71 Særskilde tilskot**

Posten dekkjer utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar. I all hovudsak er utgiftene knytte til svineinfluensavaksinen Pandemrix. Samla forbruk blei 17,3 mill. kroner. Det gir eit mindreforbruk på 3,3 mill. kroner.

## **Inntektskapittel 3741**

SAMLA TILDELING			
<b>Inntektskapittel</b>	<b>3741.02</b>	<b>3741.50</b>	<b>Sum inntekter</b>
<i>Årets tildeling</i>	6 779 000	17 713 000	24 492 000
<b>Samla inntektskrav</b>	<b>6 779 000</b>	<b>17 713 000</b>	<b>24 492 000</b>
<i>Rekneskap</i>	7 750 001	29 303 174	37 053 175
<b>Avvik tildeling og rekneskap</b>	<b>-971 001</b>	<b>-11 590 174</b>	<b>-12 561 175</b>
<b>Mindreforbruk post 01, 02 og 50</b>	<b>5 424 839</b>		

Meirinntektene må sjåast i samanheng med kap. 074, post 01. NPE har meirinntektsfullmakt til å dekkje opp meirutgifter på post 01. NPE har samla sett eit netto mindreforbruk på 5,6 mill. kroner som inkluderer fullmakta til å overskride løyving med overtid, reisetid og timeløn for november 2020, sjå omtale under driftsutgifter. På grunn av endra utrekningsmetode og avrekning av faktiske kostnader for 2019, blei det i 2020 tilbakeført 4,2 mill. kroner til fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste, og meirinntekter i NPE blei då tilsvarende redusert.

## **Post 02 Diverse inntekter**

NPE behandler krav om erstatning som følgje av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS. Inntektene frå legemiddelsaker var i 2020 på 2,4 mill. kroner som er dei same som i 2019.

NPE utviklar og leverer IT-tjenester til Helseklage som betalte 5,3 mill. kroner for desse tenestene i 2020. Denne summen er 3,0 mill. kroner lågare enn i 2019. Det skuldast lågare aktivitet på grunn av pandemisituasjonen. Totale meirinntekter på post 02 var i 2020 1,0 mill. kroner.

## **Post 50 Premie frå private**

På posten blir det ført inntekter som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste. Midla blir overførte frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste, og blir inntektsførte på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekkje utgiftene knytte til pasientskadesaker frå dette området. Meirinntekta er på 11,6 mill. kroner.

---

For NPE viser driftsinntektene ein reduksjon på 5,5 mill. kroner samanlikna med 2019. Rekneskapen for 2020 inkluderer tilbakeføring av 4,2 mill. kroner på grunn av endra utrekningsmetode og avrekning av faktiske kostnader for 2019. Korrigert for tilbakeføringa, viser driftsinntektene ein samanliknbar auke på 3,1 mill. kroner frå 2019 til 2020, som skuldast auka driftsutgifter til fordeling.

#### Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsreknskapen for Norsk pasientskadeerstatning. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsrapporten som NPE tek imot våren 2021. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.



15.03.2021

Rolf Gunnar Jørstad, direktør

## **2. Prinsippnote til årsrekneskapen for drifta i NPE**

Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for drifta i NPE er utarbeidd og avgjort etter nærmere retningslinjer fastsette i Bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i høve til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1 og nærmere føresegner i rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av september 2019, punkt 8.

### **Oppstilling av rapporteringa**

Oppstillinga av løvvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følger kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto sum.
- d. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løvvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til korleis verksemde skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løvvingsrekneskapen» er lik i både oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank i høve til krav i bestemmelsene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjettet verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen blir nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

### **Løvvingsrapporteringa**

Oppstillinga av løvvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løvvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løvvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løvvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «samla tildeling» viser kva verksesmda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eidegar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

I note B er det lagt til ein ny kolonne "Fullmakt til å overskride tildeling med overtid, reisetid og timeløn for november 2020". Denne kolonnen er berre aktuell for verksemder som er lønskunde av DFØ og som omlegginga av utbetalingsløysinga i DFØ får verknad for. Kolonnen skal vise summar som gjeld overtid, reisetid og timeløn for november 2020 som verksemda kan overskride årets løvving med jf. IX Fullmakt om utbetalingsløysing for overtid, reisetid og timeløn i 2020 under fullmaktene til Finansdepartementet til å overskride gitte løvvingar i Proposisjon 1 S (2019-2020).

---

## Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er difor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

## Andre driftsutgifter

Linja Andre framande tenester er fjerna sidan det frå 2019 er mogleg å skilje mellom kjøp av konsulenttenester og kjøp av andre framande tenester.

Oppstilling av løvvingsrapportering 31.12.2020							
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeiling	Rekneskap 2020	Meirutgift (-) og mindreutgift
0741	Norsk pasientskadeerstatning	01	Driftsutgifter	A, B	225 238 000	232 374 336	-7 136 336
0741	Norsk pasientskadeerstatning	70	Advokatutgifter	A, B	37 285 000	38 479 159	-1 194 159
0741	Norsk pasientskadeerstatning	71	Særskilte tilskot	A, B	20 634 000 0	17 330 609 0	3 303 391
1633	Nettoføringsordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten	Artskontorapp.	0	10 486 479	
<i>Sum utgiftsført</i>					283 157 000	298 670 583	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samla tildeiling	Rekneskap 2020	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3741	Norsk pasientskadeerstatning	02	Diverse inntekter	B	6 779 000	7 750 001	971 001
3741	Norsk pasientskadeerstatning	50	Premie frå private	B	17 713 000	29 303 174	11 590 174
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse	Artskontorapp.	0	248 861	
5700	Folketrygdas inntekter	72	Arbeidsgivaravgift	Artskontorapp.	0	15 777 513	
<i>Sum inntektsført</i>					24 492 000	53 079 549	
<i>Netto rapportert til løvvingsrekneskapen</i>						245 591 034	
<i>Kapitalkontoar</i>							
60080001	Noregs Bank KK /innbetalinger					46 041 973	
60080002	Noregs Bank KK/utbetalinger					-291 260 857	
707010	Endring i mellomverande med statskassen					-372 150	
<i>Sum rapportert</i>						0	
<i>Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapnt (31.12)</i>							
						<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>
707010	Mellomverande med statskassen					-4 798 473	-4 426 323
							<b>Endring</b>
							-372 150

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter						
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger 01.01.2020	Lønsoppgjør 01.11.2020	Prop: p42/20-21 i 165/20-21 20.11.2020	Årets tildelinger	Samla tildeling
074101	8 933 000	218 255 000	550 000	-2 500 000	216 305 000	225 238 000
074170		47 285 000		-10 000 000	37 285 000	37 285 000
074171		20 634 000			20 634 000	20 634 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbar sum til neste år											
Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastingsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindre-inntekter (-) iht. meirinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års løying	Innsparingar (-)	Fullmakt til å overskride tildeling med overtid, reisetid og timeløn for november 2020	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbar sum	Mogleg overførbar sum rekna av verksemda
074101/374102/374150		-7 136 336		-7 136 336		12 561 175		195 329	5 620 168	10 912 750	5 620 168
074170		-1 194 159		-1 194 159							
074171		3 303 391		3 303 391							

#### Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

NPE har fullmakt til å bruke meirinntekter utover tildelt løying på kap. 3741 post 02 og 50 til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01. For 2020 utgjer samla meirinntekter 12 561 175 kroner. Av dette blir 7 136 336 kroner nytta til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01. NPE har som lønskunde av DFØ fullmakt til å overskride tildelinga med overtid, reisetid og timeløn for november 2020, jf. R-2/2021. Det tilsvrar 195 329 kroner. NPE vil søkje om å overføre 5 620 168 kroner til 2021. NPE har ingen fullmakter knytte til kap. 741 post 70 og 71.

## Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2020

	Note	2020	2019
<b>Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetalingar frå tilskot og overføringer	1	29 303 174	34 764 376
Sals- og leigeinnbetalingar	1	7 750 001	10 872 220
<i>Sum innbetalingar frå drift</i>		<b>37 053 175</b>	<b>45 636 596</b>
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetalingar til løn	2	129 286 619	126 935 622
Andre utbetalingar til drift	3	102 976 121	93 204 519
<i>Sum utbetalingar til drift</i>		<b>232 262 740</b>	<b>220 140 141</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>195 209 565</b>	<b>174 503 545</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	110 520	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 075	2 270
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		<b>111 595</b>	<b>2 270</b>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>111 595</b>	<b>2 270</b>
<b>Innkrevjingsverksemde og andre overføringer til staten</b>			
<i>Sum innkrevjingsverksemde og andre overføringer til staten</i>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten</b>			
Utbetalingar av tilskot og stønader	6	55 809 768	99 621 589
<i>Sum tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten</i>		<b>55 809 768</b>	<b>99 621 589</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		248 861	248 129
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		15 777 513	15 443 009
Nettføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		10 486 479	8 386 927
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		<b>-5 539 895</b>	<b>-7 304 211</b>
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		<b>245 591 034</b>	<b>266 823 193</b>
<b>Oversikt over mellomverande med statskassen</b>		<b>0</b>	
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2020</b>	<b>2019</b>
Fordringar		-5 765	
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-4 785 093	-4 425 986
Skuldige offentlege avgifter		-7 615	-799
Anna gjeld		0	462
<i>Sum mellomverande med statskassen</i>	7	<b>-4 798 473</b>	<b>-4 426 323</b>

## Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
<b>Sum innbetalingar frå gebyr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalingar frå tilskot og overføringer</i>		
Andre tilskot og overføringer (3741.50)	29 303 174	34 764 376
<b>Sum innbetalingar frå tilskot og overføringer</b>	<b>29 303 174</b>	<b>34 764 376</b>
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Inntekt legemiddelsaker	2 423 100	2 346 300
Salsinntekt, unnateke frå avgiftsplikt	10 000	60 000
Innbetaling frå Helseklage for IT-tjenester	5 316 901	8 465 920
<b>Sum sals- og leigeinnbetalingar</b>	<b>7 750 001</b>	<b>10 872 220</b>
<i>Andre innbetalingar</i>		
<b>Sum andre innbetalingar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>37 053 175</b>	<b>45 636 596</b>

Innbetalingar frå tilskot og overføringer er i hovudsak sett saman av belasting av driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste. På grunn av endra utrekningsmetode og avrekning av faktiske kostnader for 2019 blei det i 2020 tilbakeført 4,2 mill. kr. til fond privat helseteneste og innbetalingar til NPE blei då tilsvarande reduserte.

Nivået på inntekter frå legemiddelsaker heldt seg om lag på same nivå som i fjor.

Inntekter frå Helseklage blei noko reduserte på grunn av lågare IT-aktivitetar gjennom heile året, hovudsakleg på grunn av pandemisituasjonen.

## Note 2 Utbetalingar til løn

	31.12.2020	31.12.2019
Løn	101 699 112	97 751 516
Arbeidsgivaravgift	15 777 513	15 443 009
Pensjonsutgifter*	11 737 252	11 364 767
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-4 465 492	-2 427 204
Andre ytingar	4 538 234	4 803 533
<b>Sum utbetalingar til løn</b>	<b>129 286 619</b>	<b>126 935 622</b>
<b>**Tal utførte årsverk:</b>	<b>150,1</b>	<b>146,6</b>

\* Nærare om pensjonskostnader

Pensionar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk premie samla opp for rekneskapsåret. Premiesatsen for 2020 er 12 prosent, som er den same som i 2019.

\*\* faktiske utførte årsverk

### Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2020	31.12.2019	Endring
Husleige	20 544 347	20 424 571	119 776
Vedlikehald eigne bygg og anlegg	0	0	0
Vedlikehald og ombygging av leide lokale	183 002	45 956	137 045
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 508 104	853 253	654 851
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr mm.	0	0	0
Mindre utstyrssinnkjøp	696 889	199 107	497 782
Leige av maskinar, inventar og liknande	3 201 740	3 019 429	182 311
Kjøp av konsulenttenester	12 285 832	27 892 995	-15 607 163
Kjøp av andre framande tenester	61 684 467	37 163 682	24 520 786
Reiser og diett	93 685	237 268	-143 583
Andre driftsutgifter	2 778 055	3 368 257	-590 202
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>102 976 121</b>	<b>93 204 519</b>	<b>9 771 602</b>

Kjøp av andre framande tenester viser ein stor auke frå 2019. Dette skuldast at vi i 2020 har reklassifisert frå konto 6710 - kjøp av konsulenttenester, til 6750 -kjøp av andre framande tenester, for å få betre oversikt over kostnadene til Norsk Helsenett. Difor må desse sjåast i samanheng. Endringa på 8,9 mill. kroner skuldast i hovudsak ein auke med 5,4 mill. kroner i kostnadene til Norsk Helsenett og 1,3 mill. kroner i auke på sakkunnighonorar.

Reiseutgifter er meir enn halverte på grunn av korona og mindre reiseaktivitet. Vi har òg eit mindre forbruk på andre driftskostnader. Her er nedgangen størst på møter, kurs, seminar mm. som er naturleg i samband med utstrekkt bruk av heimekontor under pandemien.

### Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 075	2 270
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>1 075</b>	<b>2 270</b>

Utbetalinga på finansutgifter gjeld renter og gebyr på for sein innbetaling på fakturaer.

## Note 5 Utbetaling til investeringar

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eidegar og liknande	110 520	0
<b>Sum utbetaling til investeringar</b>	<b>110 520</b>	<b>0</b>

Summen gjeld kjøp av programvaremodulen eFormidling til Public 360.

## Note 6 Tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten

	31.12.2020	31.12.2019
Tilskot til ikkje-finansielle føretak (advokatutgifter)	38 479 159	38 852 565
Særskilte tilskot	17 330 609	60 769 024
<b>Sum tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten</b>	<b>55 809 768</b>	<b>99 621 589</b>

Særskilte tilskot (post 71) dekkjer erstatningar i saker der staten har særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadesaker. Særskilte tilskot for 2020 viser ein monaleg nedgang samanlikna med 2019. Det skuldast at det i 2019 blei sluttført fleire enkeltsaker med særleg store utbetalinger.

## Note 7 Samanhengen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

### Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

	31.12.2020 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	31.12.2020 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassen	Skilnad
Finansielle anleggsmiddel			
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	-5 765	-5765	0
<i>Sum</i>	<b>-5 765</b>	<b>-5765</b>	<b>0</b>
Langsiktig gjeld			
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld*	-6 687 866	0	-6 687 866
Skuldig skattetrekk	-4 785 093	-4 785 093	0
Skuldige offentlege avgifter	-7 615	-7 615	0
Anna kortsiktig gjeld**	-2 025 446	0	-2 025 446
<i>Sum</i>	<b>-13 506 019</b>	<b>-4 792 708</b>	<b>-8 713 311</b>
<b>Sum</b>	<b>-13 511 784</b>	<b>-4 798 473</b>	<b>-8 713 311</b>

\*Leverandørgjeld viser ferdigbehandla fakturaer frå 2020 med forfall 2021. Saldo gjeld for det meste faktura for husleige 1. kvartal 2021 på 5,2 mill. kroner.

\*\*Anna kortsiktig gjeld er periodisering av ubehandla fakturaer med fakturadato 2020 som blei betalt i 2021.

# VI-B. Årsrekneskap fond for pasientskadeordninga – offentleg helseteneste

## 1. Kommentarar frå leiinga

### Fondets føremål og mynde

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett «Instruks for fond for pasientskadeordningen – offentlig helsetjeneste» – oppdatert per 15.05.2019.

Føremålet til fondet er å finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage), eller utgifter pasientar har til advokatar knytte til saker i offentleg helseteneste.

Føresegner som styresmaktene har fastsett: «Forskrift om pasientskadelovens virkeområder og om tilskuddsplikt for den som yter helsehjelp utenfor den offentlige helse- og omsorgstjenesten» av 31. oktober 2008 nr. 1166. § 3 i forskriften definerer offentleg helseteneste. Vilkåra som må vere oppfylte for å få erstatning for skadar valda i offentleg helseteneste går fram av pasientskadelova. Erstatning for økonomisk tap er regulert av lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning og ulovfesta erstatningsrett.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølve dekkje utgiftene til erstatningar for skadar oppstått som følgje av behandling gitt av tenester organiserte hjå desse. Det skal ikkje vere kryssubsidiering mellom nivåa. Dei årlege tilskota blir utarbeidde basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering påfølgjande år. Fylkeskommunar og kommunar innbetalar tilskot ein gong per år. Dei regionale helseføretaka innbetalar tilskot til NPE i fire terminar per år.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd etter Reglementet for og bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste - sine disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, eigedelar og gjeld. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løvvingsrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

### Vurdering av vesentlege forhold

Fondet utbetalte til saman 1,1 mrd. kroner i erstatningar.

Totale overføringer til fondet blei auka med 144 mill. kroner samanlikna med 2019. Det skuldast i hovudsak at dei regionale helseføretaka betalte inn 150 mill. kroner meir i 2020.

Auka overføringer var eit resultat av avrekninga, som 2020 var 117 mill. kroner lågare enn i 2019, og prognosen for erstatningsutbetalingar for 2020 som auka med 40 mill. kroner samanlikna med 2019.

Det blei òg gjort ei justering på 7 mill. kroner av tilskotet frå regionale helseføretak i løpet av året. I tillegg blei det innbetalt 13 mill. kroner meir i eigendel frå helseføretaka i 2020 enn i 2019.

Det har mellom anna ført til at saldoen i Noregs Bank har gått opp med nesten 30 mill. kroner samanlikna med 2019. I same periode ser vi at erstatningsutbetalingane har auka med nesten 115 mill. kroner. NPE har aldri utbetalt så høge samla erstatningsutbetalingar i løpet av eitt år som i 2020.

**Tabell 1 - Samanheng mellom prognose/avrekning og rekneskap**

Prognose og avrekning	2020	2019	Differanse
Prognose regionale helseføretak (RHF) <sup>1</sup>	832 959 484	800 000 000	32 959 484
Avrekning RHF føregående år	-34 327 812	-151 589 490	117 261 678
Eigendelar RHF	49 390 828	36 239 172	13 151 656
<b>Sum innbetalt frå statlege rekneskapar</b>	<b>848 022 500</b>	<b>684 649 682</b>	<b>163 372 818</b>
Prognose fylkeskommunar	4 000 000	4 000 000	0
Avrekning fylkeskommunar føregåande år	-1 882 239	-3 373 930	1 491 691
<b>Sum innbetalt frå fylkeskommunar</b>	<b>2 117 761</b>	<b>626 070</b>	<b>1 491 691</b>
Prognose kommunar	150 000 000	150 000 000	0
Avrekning kommunar føregåande år	-16 303 514	4 269 460	-20 572 974
<b>Sum innbetalingar frå kommunar</b>	<b>133 696 486</b>	<b>154 269 460</b>	<b>-20 572 974</b>
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>983 836 747</b>	<b>839 545 212</b>	<b>144 291 535</b>
Prognose erstatningsutbetalingar	986 959 484	954 000 000	32 959 484
<b>Prognose resultat for perioden</b>	<b>-3 122 737</b>	<b>-114 454 788</b>	<b>111 332 051</b>

Rekneskap	2020	2019	Differanse
Tilskot frå regionale helseføretak	798 631 672	648 410 510	150 221 162
Eigendel helseføretak	49 390 828	36 239 172	13 151 656
<b>Tilskot frå statlege verksemder</b>	<b>848 022 500</b>	<b>684 649 682</b>	<b>163 372 818</b>
Tilskot frå fylkeskommunar	2 117 761	626 070	1 491 691
Tilskot kommunar	133 696 505	154 269 452	-20 572 947
<b>Tilskot frå fylkeskommunar og kommunar</b>	<b>135 814 266</b>	<b>154 895 522</b>	<b>-19 081 256</b>
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>983 836 766</b>	<b>839 545 204</b>	<b>144 291 562</b>
Erstatningsutbetalingar	1 065 709 386	950 972 555	114 736 831
Bank- og kortgebyr*	1 282	1 339	-57
<b>Resultat for perioden</b>	<b>-81 873 902</b>	<b>-111 428 690</b>	<b>29 554 788</b>

\* korrigert for IB og opne postar jf. kontantprinsippet.

<sup>1</sup> I 2020 blei det gjort ei ekstra justering av tilskota frå regionale helseføretak for å redusere avviket mellom innbetalt tilskot og utbetalte erstatningar.

---

## Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

Instruksen av 15. mai 2019, fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, fastslår at fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved slutten av året. Tilskota knytte til offentleg helseteneste og utbetaling av erstatninger som NPE gjer for same område, blir ført over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2020 er presentert etter kontantprinsippet, og skal vareta krava i instruksen.

### Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsrapporten som fondet tek imot våren 2021. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.



15.03.2021

Rolf Gunnar Jørstad, direktør

## **2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingssrapportering for statlege fond**

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avgått etter nærmere retningslinjer fastsette i bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er ført etter krav i bestemmelsene punkt 3.4.6 og rundskriv R-115 fra Finansdepartementet av september 2019, punkt 8.

### **Definisjon av statleg fond**

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå dei midla staten har elles. Bruken er bunden til eit nærmare fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten, og likvidane skal stå på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

### **Løyvingssrapporteringa**

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen.

Likvidrapporten viser saldoen for fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen fondet har i Noregs Bank. Alle finansielle eidedalar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, viser seg i nedre del av oppstillinga.

## **3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond**

Fondsrekneskapen tilsvrar oppstillinga av verksemderrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringer til fondet) viser seg i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringer frå fondet) viser seg i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringer til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er skilnaden mellom overføring til og frå fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen er kortsiktige fordringar omtalte. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet er ikkje synlege i resultatoppstillinga, men blir førte direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste inneheld utelukkande statlege middel, og staten disponerer derfor midla i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet førast både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (eidedalar) i kontogruppe 64.

#### 4. Oppstilling av løyvingssrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhøyrande notar

##### Oppstilling av løyvingsrapportering per 31.12.2020

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	2020
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	22 260 969
Endringar i perioden	-81 874 559
<b>Sum utgående saldo oppgjerskonto i Noregs Bank</b>	<b>-59 613 590</b>

Tabell 1

##### Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2020

Konto	Tekst	2020	2019	Endring
640701	Oppgjerskonto i Noregs Bank	-59 613 590	22 260 969	-81 874 559
810701	Fondskapital	59 613 590	- 22 260 969	81 874 559

Tabell 2

##### Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Driftsutgiftene i offentleg helseteneste blir dekte over den ordinære driftsløyvinga til NPE på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Utgiftene pasientar har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11 blir dekte over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet tek ikkje imot løyvingar over statsbudsjettet. Endring i fondskapital inkluderer endringar i saldo for interimskonto.

#### 5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, eidegar, fondskapital og eventuelt gjeld for fondet

Oppstilling av resultat	Note	2020	2019
<i>Overføringer til fondet:</i>			
Tilskot frå statlege verksemder	1	848 022 500	684 649 682
Tilskot frå fylkeskommunar	1	2 117 761	626 070
Tilskot frå kommunar	1	133 696 505	154 269 452
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>1</b>	<b>983 836 766</b>	<b>839 545 204</b>
<i>Overføringer frå fondet:</i>			
Erstatningar	2	1 065 709 386	950 972 555
Anna	2	1 282	1 339
<b>Sum overføringer frå fondet</b>	<b>2</b>	<b>1 065 710 668</b>	<b>950 973 894</b>
<b>Resultat for perioden</b>		<b>-81 873 902</b>	<b>-111 428 690</b>
<i>Disponering:</i>			
<b>Overføring av resultat for perioden til fondskapital</b>		<b>81 873 902</b>	<b>111 428 690</b>

Tabell 3 Resultatoppstilling - kolonne 2020 og 2019 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet for perioden er lagt til opptent fondskapital føregående år.

Balanseoppstilling	Note	2020	2019
<i>Eigedelar:</i>			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		- 59 613 590	22 260 969
<b>Sum eigedelar</b>		<b>- 59 613 590</b>	<b>22 260 969</b>
<i>Fondskapital og plikter:</i>			
<i>Opptent fondskapital</i>		- 59 613 590	2 260 969
<b>Sum fondskapital og plikter</b>		<b>- 59 613 590</b>	<b>22 260 969</b>

Tabell 4

Sum fondskapital og plikter tilsvrar behaldninga på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen. Behaldninga har gått ned med nesten 82 mill. kroner frå 2019 til 2020.

Reduksjonen i resultatet for fondet skuldast at prognosen for erstatningsutbetalingar, som låg til grunn for innkrevjinga av tilskot, var lågare enn det som blei faktiske erstatningsutbetalingar i 2020. Det vil bli korrigert for dette avviket ved utrekning av tilskot for 2021.

Note 1 Overføringer til fondet	2020	2019	Differanse
<b>8250 Tilskot frå regionale helseføretak</b>	<b>798 631 672</b>	<b>648 410 510</b>	<b>150 221 162</b>
8251 Eigendel helseføretak	49 974 684	39 757 904	10 216 780
8251 Tilbakeføring opne postar per 31.12.	-583 856	-3 518 732	2 934 876
8251 Korrigert IB		-1 406 994	1 406 994
8251 Eigendel helseføretak korrigert	<b>49 390 828</b>	<b>36 239 172</b>	<b>13 151 656</b>
<b>Tilskot frå statlege verksemder</b>	<b>848 022 500</b>	<b>684 649 682</b>	<b>163 372 818</b>
8310 Tilskot frå fylkeskommunar	2 117 761	626 070	1 491 691
8300 Tilskot frå kommunar	133 696 505	154 269 452	-20 572 947
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>983 836 766</b>	<b>839 545 204</b>	<b>144 291 562</b>

Tabell 5 - kolonne 2020 og 2019 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Tilskot som blir kravt inn er baserte på prognose for erstatningsutbetalingar for inneverande år og ei avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar føregående år. Dette følgjer av instruksen for fond for pasientskadeordninga – offentleg helseteneste.

Netto tilskot frå dei regionale helseføretaka etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2019 er auka med 150,2 mill. kroner i 2020 samanlikna med 2019. Mesteparten av denne auken skuldast at det blei avrekna 34,3 mill. kroner i 2020 samanlikna med 151,6 mill. kroner i 2019. Resterande auke på 32,9 mill. kroner skuldast auke i prognosene for erstatningsutbetalingar.

I 2020 er det innbetalt 13,0 mill. kroner meir i eigendel frå helseføretaka enn i 2019. Auken skuldast fleire avslutta erstatningsutbetalingar i 2020.

Netto tilskot frå kommunar etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2019 er redusert med 20,5 mill. kroner i 2020 samanlikna med 2019.

Netto tilskot frå fylkeskommunar etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2019 har auka med 1,5 mill. kroner i 2020 samanlikna med 2019.

<b>Note 2 Overføringer frå fondet</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>Differanse</b>
<i>Erstatningsutbetalingar</i>	1 065 709 386	950 972 555	114 736 831
<i>Bank- og kortgebyr*</i>	1 282	1 339	-57
<b>Sum overføringer fra fondet</b>	<b>1 065 710 668</b>	<b>950 973 894</b>	<b>114 736 774</b>

Tabell 6. \*Gjeld er fjerna for å framstille rekneskapen etter kontantprinsippet. I verksemderrekneskapen er opne postar tilbakeførte for 2020.

<b>Erstatningsutbetalingar fordelt</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Regionale helseføretak	80,0 %	85,9 %
Kommunar	19,4 %	13,9 %
Fylkeskommunar	0,6 %	0,2 %
Totalt	100 %	100 %

Tabell 8. Tal er henta frå internt saksbehandlingssystem.

# VI-C. Årsrekneskap fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

## 1. Kommentarar frå leiinga

### Fondets føremål og mynde

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett «Instruks for fond for pasientskadeordningen – privat helsetjeneste» – oppdatert per 15.05.2019.

Fondet skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning knytte til privat helseteneste, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste. Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage). Inntektene til fondet blir finansiert av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Aktørar som blir rekna som tilbydarar av private helsetenester går fram av pasientskadelova § 8 og § 7 andre ledd. Jf. òg § 3 i «Forskrift om pasientskadelovens virkeområde og om tilskuddsplikt for den som yter helsehjelp utenfor den offentlige helse- og omsorgstjenesten» av 31. oktober 2008 nr. 1166. Desse aktørane har plikt til å betale tilskot til NPE.

Forskrifta gir òg nærmare føresegner om reguleringa av privat helseteneste, inkludert omfanget på dei årlege tilskota som skal innbetalast til fondet. Dei årlege tilskota er meint å dekkje alle kostnader relaterte til skadar som oppstår i det aktuelle året. Kostnadene omfattar driftskostnader, utgifter til advokatar og erstatningar. Gjennom innbetalingar til fondet skal det avsetjast middel til framtidige erstatningsutbetalingar, inkl. inntrefte, men ikkje melde eller oppgjorde skadar.

Tilskota skal justerast over tid for å korrigere for eventuelle avvik mellom den faktiske storleiken på fondet og dei avsetningane som ein ser på som nødvendig for å dekkje framtidige erstatningsutbetalingar.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd etter Reglementet for og bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, eigedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løvingsrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

## Vurdering av vesentlege forhold

Det er utbetalt til saman 66,1 mill. kroner i erstatningar som er ein auke på 7,3 mill. kroner frå 2019.

Rekneskapen for fondet viser samla utgifter på 103,9 mill. kroner i 2020. Det er ein auke på 6,3 mill. kroner sammenlikna med 2019.

Utgiftene til fondet i 2020 kan i hovudsak forklarast med auka erstatningsutbetalingar på 7,3 mill. kroner, auka driftsutgifter på 4,0 mill. kroner til saksbehandlinga i Helseklage og reduserte driftsutgifter frå NPE på 5,5 mill. kroner. Reduksjonen i driftsutgifter frå NPE er ikkje reell, og skuldast tilbakeføring av driftsutgifter på 4,2 mill. kroner på grunn av endra utrekningssmetode og avrekning av faktiske kostnader for 2019. Korrigert for tilbakeføringa er det ein auke i driftsutgiftene på 3,1 mill. kroner frå 2019.

I 2020 hadde fondet samla inntekter på 107,5 mill. kroner. Inntektene er sett saman av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskot frå private helseaktørar har blitt reduserte med 2,7 mill. kroner frå 2019 til 2020. Dette skuldast ein reduksjon av innmelde årsverk og lågare inntekter frå privat helseteneste i samband med nedstenging av verksemder under pandemien. Regressinntekter frå private helseaktørar auka med 2,2 mill. kroner, noko som skuldast naturlege variasjonar med tilfang av saker, type saker og vedtakstidspunkt.

Overføring av fondskapital blei redusert med 6,9 mill. kroner frå 2019 til 2020. Reduksjonen skuldast i hovudsak høgare erstatningsutbetalingar og høgare driftsutgifter. Behaldninga på fondet som er rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2020 er på 94,3 mill. kroner. Det er ein auke på 3,4 mill. kroner frå 2019.

## Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksen av 15. mai. 2019, fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslege at fondet for pasientskadeordninga - privat helseteneste - skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved slutten av året. Tilskota knytte til privat helseteneste og utbetaling av erstatningar frå NPE for same område blir ført over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2020 er presentert etter kontantprinsippet og skal vareta krava i instruksen.

---

## Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond pasientskadeordninga – privat helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsberetninga som fondet tek imot våren 2021. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.



15.03.2021

Rolf Gunnar Jørstad, direktør

## **2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond**

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avgård etter nærmere retningslinjer fastsette i bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er ført etter krav i bestemmelsene punkt 3.4.6 og rundskriv R-115 frå Finansdepartementet av september 2019, punkt 8.

### **Definisjon av statleg fond**

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå dei midla staten har elles. Bruken er bunden til eit nærmere fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår.

Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten, og likvidane skal stå på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontona blir overførte til nytt år.

### **Løyvingsrapporteringa**

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen.

Likvidrapporten viser saldoen for fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen fondet har i Noregs Bank. Alle finansielle eidedalar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, viser seg i nedre del av oppstillinga.

## **3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond**

Fondsrekneskapen tilsvrar oppstillinga av verksemderrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringer til fondet) viser seg i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringer frå fondet) viser seg i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneholder alle overføringer til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er skilnaden mellom overføring til og frå fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen er kortsiktige fordringar omtalte. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet er ikkje synlege i resultatoppstillinga, men blir førte direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

#### 4. Oppstilling av løyvingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhøyrande notar

Tabell 1. Oppstilling av løyvingsrapportering per 31.12.2020

Behaldningar rapportert i likvidrapport	Rekneskap 2020
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	90 910 874
Endringar i perioden	3 378 607
<b>Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank</b>	<b>94 289 481</b>

Tabell 2. Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2020

Konto	Tekst	2020	2019	Endring
810702	Fondskapital	-94 289 481	-90 910 874	-3 378 607

#### Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste blir fullfinansiert av private aktørar, og inkluderer erstatningsutbetalingar, dekning av advokatutgifter og driftsutgifter. Fondet tek ikkje imot løyving over statsbudsjettet. Endring i fondskapital inkluderer endringar i saldo for interimskonto som ikkje blei tekne med i 2019, sjå tilleggsinformasjon pkt. 5.

## 5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, eigendelar, fondskapital og eventuelt gjeld for fondet

Tabell 3. Resultatoppstilling

<b>Resultatoppstilling</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<i>Overføringer til fondet:</i>			
Tilskot frå private helseaktørar	1	105 163 746	107 859 651
Rgress frå private helseaktørar	1	2 369 961	199 304
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>1</b>	<b>107 533 707</b>	<b>108 058 955</b>
Erstatningsutbetalinger	2	-66 050 941	-58 774 437
Dekning av driftsutgifter NPE	2	-29 303 174	-34 764 376
Dekning av driftsutgifter Helseklage	2	-9 163 000	-5 150 000
Anna	2	654 442	1 208 483
<b>Sum overføringer frå fondet</b>	<b>2</b>	<b>-103 862 673</b>	<b>-97 480 330</b>
<i>Resultatet for perioden*</i>		<b>3 671 033</b>	<b>10 578 625</b>
<i>Disponering:</i>			
<i>Overføring av resultatet for perioden til fondskapital *</i>		<b>3 378 606</b>	<b>10 871 051</b>

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital blir utrekna ved å leggje resultatet for perioden til opptent fondskapital i føregående år.

\* Tilleggsinformasjon for resultatet for perioden og overføring av resultatet for perioden til fondskapital

Differansen mellom resultatet for perioden og fondskapital per 31.12 skuldast kontantinnbetalingar frå 2019 som blei resultatførte i 2020. I 2019 blei to transaksjonar ståande på interimskonto ved årsavslutninga, utan å bli tekne omsyn til i resultat og fondskapital. Den eine gjeld dobbelbetaling frå kunde på 298 711 kroner, som blei tilbakebetalt til kunden i 2020. Den andre transaksjonen gjeld feilføring av nullstilling opne postar på 6 285 kroner, som blei ompostert i 2020.

Tabell 4. Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	Note	2020	2019
<i>Egedelar:</i>			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		94 289 482	90 910 874
<b>Sum egedelar</b>		<b>94 289 482</b>	<b>90 910 874</b>
<i>Fondskapital og plikter:</i>			
Opptent fondskapital		94 289 482	90 910 874
<b>Sum fondskapital og plikter</b>		<b>94 289 482</b>	<b>90 910 874</b>

Tabell 5. Inntekter for rekneskap 2020 forklart med notar

Note 1 Overføringer til fondet	2020	2019	Differanse
8481 Tilskot frå privat helseteneste	106 668 799	108 393 005	-1 724 206
Tilbakeføring opne postar per 31.12	-1 505 053	-2 029 507	524 454
Tilbakeføring IB i periode 00*	-	1 496 153	-1 496 153
<b>Tilskot frå private aktørar</b>	<b>105 163 746</b>	<b>107 859 651</b>	<b>-2 695 905</b>
8480 Regress	2 533 206	5 201 287	-2 668 081
Tilbakeføring opne postar per 31.12	-163 245	-8 740 230	8 576 985
Tilbakeføring IB i periode 00*	-	3 738 247	3 738 247
<b>Rgress frå private aktørar</b>	<b>2 369 961</b>	<b>199 304</b>	<b>2 170 657</b>
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>107 533 707</b>	<b>108 058 955</b>	<b>-525 248</b>

\*Tilbakeføring av IB i periode 00 som gjeld 2019 er utført pga. korrigering av IB for 2018.

For både konto 8481 Tilskot frå privat helseteneste og 8480 Regress er det vist ei spesifisering av korleis IB, opne postar frå tidlegare år og opne postar per 31.12 er tekne omsyn til for å vareta kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

I 2020 hadde fondet samla inntekter på 107,5 mill. kroner (sjå tabell 5). Inntektene er samansett av innbetalte tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskot frå private helseaktørar har blitt reduserte med 2,7 mill. kroner frå 2019 til 2020. Dette skuldast ein reduksjon av innmelde årsverk og lågare inntekter frå privat helseteneste i samband med nedstenging av verksemder under pandemien.

For 2020 har det vore ein reduksjon i talet regresskrav frå 22 til 20 saker. Regressinntektene har auka med 2,2 mill. kroner samanlikna med 2019. Det skuldast naturlege variasjonar med tilfang av saker, type saker og vedtakstidspunkt. Alle regresskrav blir overførte til Statens innkrevingsentral (SI) for vidare oppfølging og innkrevjing.

Tabell 6. Utgifter for rekneskap 2020 forklarte med notar

<b>Note 2 Overføringer frå fondet</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>Differanse</b>
<i>Erstatningar</i>	-66 050 941	-58 774 437	-7 276 504
<i>Dekning av driftsutgifter NPE</i>	-29 303 174	-34 764 376	5 461 202
<i>Dekning av driftsutgifter Helseklage</i>	-9 163 000	-5 150 000	-4 013 000
<i>Anna</i>	654 441	1 208 483	-554 042
<b><i>Sum overføringer frå fondet</i></b>	<b>-103 862 674</b>	<b>-97 480 330</b>	<b>-6 382 345</b>

Det er utbetalt til saman 66,1 mill. kroner i erstatningar. Det er ein auke på 7,3 mill. kroner samanlikna med 2019. NPE har i 2020 ikkje hatt noko vesentleg endring i mottekne og avslutta saker samanlikna med 2019.

Driftsutgiftene i NPE og i Helseklage er belasta fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris for kor mykje det kostar å behandle ei sak, inkludert advokatutgifter.

Dekning av driftsutgifter for NPE viser ein reduksjon mot 2019 på 5,5 mill. kroner.

På grunn av endra utrekningsmetode og avrekning av faktiske kostnader for 2019 blei det i 2020 tilbakeført 4,2 mill. kr. til fondet. Korrigert for dette viser sammenliknbare driftsutgifter i NPE ein auke på 3,1 mill. kroner. Auken skuldast auka driftsutgifter til fordeling.

For Helseklage er det auka driftsutgifter på 4,0 mill. kroner frå 2019 til 2020.

Anna-posten fordeler seg mellom bank- og kortgebyr, øreavrunding og renteinntekter, sjå tabell.

Tabell 7. Anna-posten

Anna	2020	2019	Differanse
7770 Transaksjonskostnader (bank - og kortgebyr)	-2 442	-2 373	-69
7772 Øreavrunding	-7	326	-333
8050 Renteinntekt - kontoar utanfor konsernkontoordningane	541 339	1 202 293	-660 954
8051 Renteinntekter	102 552	21 749	80 804
<b>Sum Anna</b>	<b>641 442</b>	<b>1 221 994</b>	<b>-580 552</b>

Konto 7772 inneholder hovedsaklig automatiske øreavrundingar i samband med fakturering.

I tillegg er det bokført postar under 100 kroner som anten er for mykje eller for lite innbetalt på kundereskontro. Vi betalar ikkje tilbake eller krev inn summar under 100 kroner fordi vi har vurdert at det er for kostbart og tidkrevjande. Statens innkrevingssentral krev heller ikkje inn summar under 100 kroner av same grunn.

Ved tapsføring blir konto 7830 Tap på fordringar/7831 Tap på fordringar regress brukt. Desse kontoane kan berre brukast når krava i økonomireglementet kap 5.4 (pkt. 5.4.2.5, 5.4.3, 5.4.4, 5.4.5) er oppfylte. Privat helseteneste brukar Statens innkrevingssentral til å følgje opp krav som ikkje blei betalte som føresett. Når det etter ei grundig vurdering blir klart at det er lite sannsynleg at kravet blir gjort opp og at det ligg føre eit forventa tap, skal kravet førast ut av reskontro og rekneskapen. Det er ikke gjort noko tapsføring i 2020.

Summar på konto 8050 er renteinntekter betalte av Noregs Bank ved slutten av året. Inntekter på konto 8051 er renter betalte av Statens innkrevingssentral i samband med inkassoordninga.

# Året som har gått

## Klar, ferdig, Smart!

I oktober 2020 gjekk startskotet for det som blir det største digitale løftet vårt. Namnet «Smart» er valt fordi målet er å få til smartare måtar å jobbe på, og på den måten få ned ventetida for erstatningssøkjarane.

Saksbehandlingssystemet Isak (basert på Public 360 fra TietoEVRY) skal oppgraderast til ein ny versjon og standardiserast. Då kan vi bruke skybaserte løysingar og tenester saman med den nye versjonen av saksbehandlingssystemet. Dette løftet gjer at vi får meir moderne løysingar og kan automatisere meir.

- Det nye systemet påverkar alle som jobbar i både Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten og Norsk pasientskadeerstatning. Vi må tilpasse rutinar og på nokre område kjem vi truleg til å samhandle på ein annan måte enn i dag – målet er å jobbe endå smartare!

Det seier Gunnhild Weiseth, som er leiar for IT-seksjonen hjå NPE.

Elin Johnsen er også sentral i prosjektet som skal finne gode løysingar på dagens utmaningar med Isak. Ho er fagkoordinator for saksbehandlinga i NPE i prosjektet.



Gunnhild Weiseth



Elin Johnsen

- Rolla mi er å vere med og skildre korleis ulike prosessar fungerer i dagens system og korleis vi ynskjer at dette skal løysast i det nye systemet. Til no har eg vore med på å kartlegge dagens prosessar for honorar til sakkunnige, advokatsalær, journalhonorar, honorar til tolk/translatør, utbetaling av erstatning og innkrevjing av eigendel, seier Elin.

### Overgang frå Isak til ny standardisert løysing skal gjere arbeidskvarden vår enklare

Smart-prosjektet skal altså i gang med å innføre ny versjon av Public 360, men ikkje alle behov blir dekte i ny standardløysing. Difor kjem det det i tillegg nye system eller tenester på utsida av Public 360, mellom anna for privat helseteneste, økonomifunksjonar og sakkunnige.

- Eg blei involvert i design og implementering av Isak i 2012. Vi fekk mange spesialtilpassingar, noko som er ein risiko ved nye oppdateringar, for vi må då hugse å tilpasse desse. I tillegg er det kostbart. Når vi no skal løfte ut ein

---

del funksjonar, vil systemet bli mindre «tungt» og vi vil forhåpentlegvis unngå ein del av tregleiken i dagens system, seier Elin.

- Målet er at dei nye løysingane skal vere skyklare. Ei standardisert løysing som køyrer på ei skybasert driftsplattform, vil på fleire område gjere verksemdene mindre sårbare. Dette gjeld mellom anna oppgraderingar av programvara, driftsstabilitet, og yting. Standardløysingar i eit sky-miljø gir òg meir føreseielege drifts- og forvaltingskostnader, seier Gunnhild.

### **Betre tilpassa løysingar**

- Isak har levd lenge og blitt stadig utvida og tilpassa, noko som har vore bra for å løyse arbeidsoppgåver, men har gått ut over fleksibiliteten. Det har òg vore krevjande å vareta behova i to ulike verksemder innanfor rammene av ei spesialutvikla løysing, påpeikar Gunnhild.

- Ved å gå frå skreddarsaum til «hyllevare» får vi betre tilpassa løysingar for å få jobben gjort.

## **Strategi i praksis**

**Strategien til NPE har som hovudmål å forenkle saksbehandlinga for å redusere tidsbruken. For alle tilsette, uansett fagområde, gjeld det å finne dei gode grepene som sikrar ein rett balanse mellom kvalitet og tidsbruk.**

### **Thorbjørn jobbar i Team ekspress.**



-Vi går gjennom alle søknadene som kjem inn, for å sørge for at sakene får rett behandlingsforløp heilt frå starten. Nokre sender vi vidare til dei andre seksjonane, medan ein god del saker behandler vi sjølve. Dette avheng mellom anna av kor kompleks eller enkel saka er.

Det er stor skilnad på behovet for utgreiing hjå ein person som har fått ein tannskade etter tannlegebesøk og ein som har fått skadar på grunn av forseinka diagnose og behandling av til dømes kreft. Tidlegare blei alle sakene lagde i den same køen, medan vi no sorterer sakene ut frå behovet for medisinsk og juridisk utgreiing. På den måten får vi gitt svar til ein god del erstatningssøkjurar mykje raskare enn før.

### **Siri er fagrettleiar i seksjon 3, som mellom anna behandler tunge kreftsaker.**

-I sakene våre har erstatningssøkjar ofte ein alvorleg diagnose og ein lang sjukehistorie bak seg. I slike saker tek det tid å innhente medisinske vurderinger og å utgreie om ein person har rett til erstatning eller ikkje. Vi veit at det betyr mykje å få raskt svar fra oss. Difor er vi aktive og tek ofte kontakt med erstatningssøkjar eller sakkunnig for å få avklart eventuelle spørsmål så raskt som mogleg.

Vi har nettopp hatt eit prosjekt der vi har testa ut å ikkje sende ut sakkunnige vurderinger til kommentering, i saker der det går mot at erstatningssøkjar kan ha rett på erstatning. Dette ser vi reduserer saksbehandlingstida og det blir no hovudregelen i NPE.



### **Halvor jobbar med HR og organisasjonsutvikling.**



-Vi skal bruke kompetansen vår innovativt og løysingsorientert. Dette stiller større krav til rekrutteringsarbeidet enn berre å finne CVar med toppkarakterar. Vi ser òg etter spesifikke eigenskapar når vi rekrutterer. I tillegg til fagleg kompetanse, søker vi etter folk med evner som gjer at dei jobbar raskt og effektivt.

Digital kompetanse er til dømes noko som blir meir og meir viktig. Som ein konsekvens av dette har vi rekruttert ein del nyutdanna medarbeidarar, då dei i større grad har det som ein naturleg del av evnene sine. Erfaringa vår er likevel at ein jamn balanse mellom yngre og meir erfarne medarbeidarar er ein god miks, for å få god kvalitet på saksbehandlinga.

## Aurora jobbar både med å behandle pasientskadesaker og å utvikle gode digitale verktøy.

Aurora deltek i «Smart», som er eit stort digitalt prosjekt som skal få på plass ein ny versjon av saksbehandlingssystemet og leggje til rette for skybaserte tenester.

-I Smartprosjektet har vi hatt mange workshops der vi har bistått utviklarar/konsulentar med å setje opp den nye saksbehandlingsflyten i ny versjon av saksbehandlingssystemet. Vi lagar òg testforklaringsar for dei ulike prosessane i det nye saksbehandlingssystemet. Testforklaringsane er viktig for å sørge for at systemet fungerer slik det er tenkt, og å avdekkje eventuelle svake punkt og manglar før det blir sett på lufta.



I tillegg til Smartprosjektet arbeider eg saman med IT med å videreutvikle funksjonane på Mi side. Mi side er ein viktig brukarportalen for kommunikasjonen mellom saksbehandlarar og erstatningssøkjear. Eg deltek òg i arbeidet med å sjå på kva digitale skjema vi kan gjere endå meir brukarvenlege for erstatningssøkjearane.



## NPE flyttar til Majorstua


Dei rundt 160 medarbeidarane i Norsk pasientskadeerstatning flyttar inn i nye lokale om eit knapt år og får adresse Middelthunsgate 29.

I ti år har vi behandla erstatningskrav frå pasientar i Wergelandsveien 1-3 i Oslo. Fordi leigeavtalen går ut i februar 2022, fekk vi bistand frå Statsbygg til å finne nye lokale. Kriteria var å velje lokale som utnyttar plassen effektivt, er sentralt i Oslo og nær buss, trikk eller t-bane. Det er krav vi som statleg verksemد har på oss.

### Og vinnaren er ...

Etter at fleire forskjellige lokale har blitt vurderte, fall valet på bygget der mellom anna Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) òg held til. Bygninga frå 1964 er delvis freda.

– Vi ser fram til å forme moderne kontorlokale i eit flott bygg med høg arkitektonisk kvalitet, seier direktør Rolf Gunnar Jørstad i NPE.



### Betre samhandling

Kvart år får rundt 2.100 personar erstatning etter feilbehandling og annan svikt i helsetenesta. Eit viktig mål er å redusere saksbehandlingstida og dermed ventetida for erstatningssøkjarane ved å forenkle måten vi jobbar på. Medarbeidarane i NPE flyttar ut av tradisjonelle cellekontor og inn i ei open kontorløysing.

Fasadane og trapperommet på NPE sine nye kontorlokale er freda. Arkitekt: Knut Enger og Frithjof Lykke-Enger



Ut av cellekontor og inn i ei open kontorløysing (skisse frå Lerche arkitekter)

- Alle blir samla på eitt plan med langt færre veggar og dører. Det gir oss betre moglegeheiter til å samhandle på tvers til gode for alle erstatningssøkjarane vi jobbar for, seier Jørstad.

Nye lokale inneber òg at NPE kuttar driftskostnadene kraftig. Lokala på Majorstua er berre halvparten så store som dei gamle. Det vil seie at både leigeutgifter og straumrekning blir reduserte monaleg.

- Med berre halvparten av plassen til rådvelde er det nødvendig å sjå på nye løysingar for arbeidsplassane. Det gir òg moglegheiter neverande lokale ikkje gir oss. I dette arbeidet er det viktig å involvere dei tilsette, seier Mårten Landgraff, som leier flytteprosjektet.

Arbeidet med arealutforming, møblering og materialval vil bli utført i samarbeid med Lerche arkitekter. NPE flyttar til dei nye lokalra i byrjinga av 2022.



Prosjektleiar Mårten Landgraff

## Koronavaksinen - samarbeid med Danmark og Sverige

Dei nordiske landa deler erfaring og kunnskap om erstatningskrava etter koronavaksinen. Det er oppretta eit forum med fagpersonar frå dei tre landa.

I november tok den danske pasientskadeordninga initiativet til eit samarbeid mellom Noreg, Danmark og Sverige for å utveksle erfaringar og kunnskap relevant for behandlinga av erstatningskrav etter koronavaksinane.



Det blei utpeikt eigne kontaktpersonar med ansvar for å følgje opp arbeidet. Verksemndene vil utveksle erfaringar om mellom anna:

- Kva vaksinar som blir brukte i Noreg, Danmark og Sverige
- talet vaksinerte
- talet søker
- kor mange får medhald eller avslag
- spesielle problemstillingar
- erfaringar frå andre land og vitskapelege artiklar

Andre relevante tema vil vere kva type krav vi kan forvente å få meldt:

- erstatning for forbigeande og milde plager, som til dømes feber og hovudverk
- erstatning for plager som viser seg å vere alvorlege biverknader ved vaksinen
- erstatning for plager som ikkje har noko med vaksinen å gjøre



- God kunnskap om vaksinane og kjende biverknader er viktig for å behandle innkomne søker til ein rask og god måte. Vi vil sjølv sagt innhente kunnskap om dette frå norske fagmiljø. I tillegg meiner vi det òg er viktig å utveksle kunnskap og erfaringar med erstatningsordningane i dei skandinaviske nabolandene våre, seier direktør Rolf Gunnar Jørstad.

## Har krav på erstatning etter koronadødsfall på sjukeheim

Eldre har rett til erstatning dersom dei blir koronasmitta på sjukeheim. I desember 2020 gav Norsk pasientskadeerstatning (NPE) for første gong erstatning til etterlatne etter eit slikt dødsfall.

- Pengar kan ikkje erstatte tap av liv eller sorga dei etterlatne opplever. Det vi kan bidra med er å dekkje utgifter dei har i samband med dødsfall der eldre har blitt smitta på institusjon, seier Rolf Gunnar Jørstad, direktør i NPE.

Ei rekke eldre bebuarar på kommunale institusjonar har blitt smitta av korona. Til no har vel halvparten av dødsfalla i Noreg skjedd på anten sjukeheim eller omsorgsheim.

### Hjørdis Rognås døydde av korona

Ei av dei var Hjørdis Rognås frå Nord-Aurdal, som døydde 24. mars etter å ha blitt smitta på omsorgsbustaden der ho budde.

NPE sa i desember 2020 ja til å gi dei etterlatne etter 90-åringen erstatning. Det vil seie at gravferda og andre utgifter i samband med dødsfallet blei dekte.



Rolf Gunnar Jørstad



Wenche Rognås sammen med sin mor Hjørdis. Foto: Privat

Wenche Rognås er dottera til Hjørdis Rognås, og ho sende søknad om pasientskadeerstatning til NPE etter at mora var død.

– Mor sovna inn heilt åleine, og det gjer framleis vondt at vi ikkje fekk teke eit ordentleg farvel. Det er krevjande å starte ein erstatningsprosess i ein slik situasjon, når sorga og saknet tyngjer. Men det var ei lette å få meldinga frå Norsk pasientskadeerstatning om at vi har krav på

erstatning. For familien ligg mykje trøyst i å vite at vi har vunne fram med saka vår og dette er ein symbolisk viktig siger, seier Wenche Rognås.

### NPE kontaktar kommunane

Kjennskapen til at det er mogleg å søkje om erstatning med koronasmitte kan variere. Difor sende Jørstad brev til KS (organisasjonen til kommunesektoren) med informasjon om kva rettar dei eldre på kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar har.

Bebuarar og/eller etterlatne ved dødsfall har ifølgje pasientskadelova krav på erstatning dersom det er sannsynleg at smitten oppstod på institusjonen. Dette omfattar òg bebuarar i privat pleie der drifta

---

blir dekt over kommunale budsjett og tildeling av plassar er likestilt med andre kommunale institusjonar.

### **Gi informasjon!**

- Eg oppmanar helsepersonell som er i kontakt med pårørande og etterlatne om å informere om høvet til å søkje erstatning frå NPE etter koronasmitt på sjukeheim. Vi vil strekkje oss langt for å behandle desse sakene så raskt som mogleg, seier Jørstad.

Erstatninga vil dekkje ekstra utgifter bebuarar har hatt på grunn av smitten og sjukdomsperioden. Ved dødsfall blir typisk utgifter i samband med gravferda dekte, noko som ofte kan koste rundt 50 000 kroner.

## Jobben min

Det jobbar rundt 160 medarbeidrarar i NPE. Det er fagfolk innan mellom anna saksbehandling, juss, IT, kommunikasjon, økonomi og leiing. Vi legg stor vekt på kvalitet og fagleg ekspertise.

Erstatningssøkjaren skal vere viktigast i alle ledd i behandlinga av erstatningskrav.

*«Eg jobbar med ansvarsutgreiing og skal finne ut om det har oppstått ein pasientskade som skuldast svikt i behandlinga og om pasienten skal få erstatning. Det er nesten som å vere ein etterforskar der eg samlar inn mest mogleg dokumentasjon om kva som har skjedd og får ei heilskapleg oversikt.*

*Viktige brikker er mellom anna å innhente relevante journaldokument, vere i dialog med erstatningssøkjaren og koble inn uavhengige sakkunnige som gjer medisinske vurderingar. Eg er heldig som får utgreie saker, og bidra til forsoning og økonomisk kompensasjon.»*

**Linnea, saksbehandlar**



*«Eg tek avgjerder i samansette saker som kan ha mykje å seie for personar i ein tung fase av livet. Då er det viktig at dei blir høyrde og tekne på alvor. Einkvar erstatningssøkjjar har si unike oppleving frå helsevesenet, og sin heilt eigen føresetnad for å setje seg inn i saka.*

*For meg er det viktig at erstatningssøkjjarane får eit reelt høve til å fremje synet sitt. Difor jobbar eg heile tida med å bli endå betre på å kommunisere tydeleg, og å forklare mellom anna avslag på ein forståeleg måte. Det fortener alle som meiner å ha blitt utsette for ein behandlingssvikt.»*

**Niklas, saksbehandlar**

---

*«Eg er jurist og får masse interessante utmaningar innanfor eit område med både juss og medisin.*

*Noko av det beste med jobben er at dagane er varierte fordi eg gjer så mykje forskjellig. Eg lærer opp saksbehandlarane og skriv fagnotat som skal hjelpe dei i arbeidet. Eg er òg med på å forbetre regelverket og avklare prinsipielle juridiske spørsmål.*

*Ei overordna oppgåve er å sikre at like saker blir behandla likt, og at vi betalar ut rett erstatning. Erstatningssøkjarane skal kjenne seg trygge på at vi tek rette avgjerder.»*

**Trude, juridisk fagrådgivar**



*«Eg jobbar med å lage gode digitale tenester som gjer det enklare for folk å søkje erstatning. Tidlegare hadde vi eit tungvint system der dokument i hovudsak blei sende med vanleg post. No kan erstatningssøkjarar følgje saka si frå start til slutt i den digitale løysinga «Mi side».*

*For tida bidreg eg som delprosjektleiar i det største digitaliseringsprosjektet vårt nokosinne. Prosjektet skal levere nye løysingar for å sørge for endå betre og raskare oppfølging av erstatningssøkjarane våre.*

*Dagane inneholder mykje møteverksemd, koordinering og planlegging av leveransane til prosjektet. Det er spennande å jobbe tverrfagleg med eit team av dyktige kollegaer, som alle jobbar mot det same målet.» Christopher, IT*

---

*«Det kan vere vanskeleg å ta det første steget og klage på behandlinga ein fekk som pasient. Eg jobbar på servicesenteret og er ofte den første erstatningssøkjarar tek kontakt med.*

*Eg svarar på spørsmål på telefon og e-post og hjelper til med å løyse flokar i søknadsprosessen. Nokre slit med å fylle ut søknadsskjema, andre lurer på kvifor det tek tid å få svar på om dei får erstatning.*

*Eg har sjølv helsefagleg bakgrunn og likar å prate med folk. Det er to gode eigenskapar for å kunne gjere ein god jobb som eg stortrivst i!»*

**Cecilie, Servicesenteret**



*«Eg bidreg til at flest mogleg får vite at dei kan få erstatning når noko har gått gale. Mykje av tida går til å formidle viktig informasjon til avisar, radio, TV og sosiale medium om kva rettar pasientar har.*

*Eg er stolt over å vere med på laget som gir erstatning til pasientar etter svikt i helsetenesta.»*

**Øystein, kommunikasjonssjef**

## Möt ein sakkunnig lege

Eg kan reagere sterkt når det har gått skikkeleg gale for pasienten. Då har eg gått meg ein tur for å arbeide meg gjennom inntrykka», seier Tone Gretland Valderhaug, sakkunnig spesialist for NPE

Korleis jobbar sakkunnige med pasientskadesaker? Möt ei av dei, Tone Gretland Valderhaug, som har spesialkompetanse i diabetes, fedme og førebygging av hjartesjukdomar. Ho har ein doktorgrad i diabetes etter nyretransplantasjon, og arbeider som overlege ved endokrinologisk avdeling (indremedisin) ved Akershus universitetssykehus.

- *Kva er ein god dag for deg i jobben?*

- Eg likar utmaningar. Ein god dag på jobb er når eg finn løysingar eller kjem vidare i ei komplisert sak. Det er tilfredsstillande. Det er ikkje alltid vurderinga vi sakkunnige gjer blir godt motteken. Hjartesaka mi er å bli endå betre på å kommunisere tydeleg med pasienten.

- *Du møter ikkje pasientane fysisk. Kva grunnlag har du då for å vurdere den behandlinga dei har fått?*

- Dei fleste problemstillingane er kjende frå praksis i klinikken. Eg møter ikkje pasienten, men får eit godt inntrykk gjennom journalnotata. Vi har eit medisinsk språk som er laga for at ein skal kunne danne seg eit bilde av pasientane, den behandlinga dei har fått og komplikasjonane som har oppstått. Det å skildre og rapportere om pasientane er vi trente i heilt frå medisinstudiet.

- *Lege og pasient er ikkje alltid einige om kva som har skjedd. Korleis fangar du opp versjonen til erstatningssøkjaren i saka?*

- Eg les alltid kommentarane til pasienten og tek dei med i vurderinga. Det er ikkje alltid samsvar mellom det og det som står i journalen til pasienten. I nokre tilfelle er journalen ikkje komplett. Det er mykje som pågår i eit rom som ikkje nødvendigvis står i journalen. Men vi vurderer både versjonen til behandlaren og pasienten, det er eit viktig prinsipp.

- *Kva er det mest utmanande ved jobben?*

- Når saka har hamna i NPE er det jo alltid noko som har svikta. Pasienten kan ha hatt forventingar som ikkje er møtte, eller livet blei annleis då sjukdomen inntrefte. Sjølv om noko har svikta i behandlinga, er det ikkje sikkert at svikten er årsaka til symptomata pasienten har. Det er dette vi prøver å finne ut av og formidle på best mogleg måte.

- *Kva er den viktigaste læringa frå pasientskadesakene?*



Tone Gretland Valderhaug har arbeidd som sakkunnig spesialist for NPE sidan 2012.

- 
- Ein ting som går att er svikt i kommunikasjonen mellom behandlaren og pasienten. Det kan vere fagleg gode vurderingar, men ofte kan det legen seier og det pasienten oppfattar, vere to forskjellige ting.
  - I tillegg kan viktig informasjon gå tapt når pasientane blir sende mellom avdelingar eller ulike institusjonar. Det handlar om rapporteringa og internkommunikasjonen i helsetenesta. Det å jobbe som sakkunnig er ikkje alltid enkelt, men det er lærerikt i jobben som lege og eg tek med meg mykje kunnskap tilbake til min eigen praksis. Eg håpar dette kjem pasientane mine til gode.
  - *Nokre hevdar at sakkunnige legar er «i lomma» på NPE. Har du ein kommentar til den påstanden?*
  - Eg kjenner meg ikkje att i det. Vi har kontakt med saksbehandlarane og hjelper dei med å forstå sakareint medisinsk. I kompliserte saker vil det ofte vere fleire sakkunnige involverte og dei ulike sakkunnige spesialistane kan vere fagleg ueinge seg i mellom. Dette er heilt uavhengig av NPE.
  - I desse åtte åra har eg aldri opplevd at nokon i NPE prøver å påverke meg til å vere korkje streng eller mild i den sakkunnige vurderinga. Det er NPE som avgjer om pasienten får erstatning eller ikkje, medan vi skal gi den faglege vurderinga vår av dei medisinske forholda i saka.
  - *Kva gir denne jobben deg?*
  - Det er fyrst og fremst ei heilskapleg forståing av kva som kan gå gale. Som sakkunnig får du tilgang til ei lang sjukehistorie og all relevant informasjon frå fleire behandlingsstader. Dette gir ei betre forståing av sjukdomsforløpet til pasienten.
  - Eg kjenner att mange av problemstillingane i praksis på klinikken, så personleg gir det meg mykje. Du blir årvaken på ein heilt annan måte. Du har høve til å vere i framkant og tenkje: «Kva kan gå gale her?». Eg tenkjer at det å jobbe som sakkunnig vil vere nyttig for mange legar, og at det kjem pasientane til gode på sikt.

## Nedstengd, men open

**12. mars 2020 kom regjeringa med tiltaka sine mot korona - og alle tilsette i NPE blei sende heim.**

Etter kort tid kjende dei fleste saknet av det fellesskapet vi normalt har på kontoret. Som i mange andre verksemder måtte vi tenkje på korleis vi kunne bruke digitale løysingar, når vi ikkje fekk møtast fysisk.

Ein tilsett fekk den lyse idéen å ha ein stafett på intranettet, der alle delte eit bilde, med en kommentar om korleis dei hadde det på heimekontoret. Kvar dag blei stafettpinnen send vidare til ein kollega.

Frøy Høverstad leier ein seksjon med ni medarbeidarar, som hovudsakleg har jobba heimefrå i snart eit år.

-Medarbeidarane har vist stor omstillingsevne og løyst oppgåvene på ein god måte i denne spesielle perioden. Vi har hatt hyppige digitale morgonmøte og låg terskel for å skype kvarandre. Men det er klart vi saknar det sosiale fellesskapet når vi ikkje kan treffast fysisk, seier Høverstad.

Frøy: -Alt i alt har det gått overraskande bra å jobbe heimefrå!



Frøy Høverstad



John Janderberg

John Janderberg er byggforvaltar og innkjøpskoordinator. Han har tidvis vore på kontoret på grunn av oppgåver som krev at han er fysisk i bygget, men i hovudsak har òg han jobba på heimekontor.

John: -Eg er heldig som hadde ei «man cave» på loftet frå før. Dette lydisolerte og nøye innreidde rommet blir flittig brukt til digitale møte. Elles er det ein del kontorfellesskap i stova.

Gjennom intranettstafetten har vi fått innblikk i mange kreative kontorløysingar i stover, kjøken,

på soverom og vaskerom. Det viktigaste har likevel vore å sjå kollegaene, òg dei du ikkje har møte med, og få eit lite inntrykk av korleis folk har det.

I verksemda har vi òg lagt vekt på å gi jamlege statusoppdateringar på intranettet om korleis statlege og kommunale koronatiltak treffer arbeidskvardagen. Vi har hatt søkjelys på fjernleiing som tematikk

---

mellan leiarane, har hatt digital juleavslutning og gjennomført quizar. Vi opprettheld god kontakt og godt arbeidsmiljø i ei tid der vi har vore «nedstengd, men open».